



ÅRSRAPPORT 2022

KLAGENEMNDA VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Innleiing

Klagenemnda si verksemd er heimla i lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskulelova (uhl.) § 5-1 (1):

«Universiteter og høyskoler skal opprette en eller flere nemnder som etter delegering fra styret skal behandle saker som berører kandidatene. I tillegg skal nemnda behandle klager over enkeltvedtak med unntak av klager som skal behandles av særskilt nasjonalt klageorgan.»

Klagenemnda gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. I saker som gjeld utestenging og bortvising etter uhl. § 4-8, og utestenging etter skikkavurdering etter uhl. § 4-10, gjer nemnda vedtak med to tredels fleirtal.

Mandat

Klagenemnda sitt mandat er gitt i instruks vedteke av interimstyret 22. desember 2016, sak 51/16. Instruksen er revidert av høgskulestyret 18. juni 2020, sak 30/20. Følgjande går fram av instruksen:

«Klagenemnda behandler følgjende saker:

- Klager over enkeltvedtak, jf. universitets- og høyskolelovens (uhl.) §§ 5-1 (1) og 7-6 (2).
- Klager over avgjørelser om permisjon og fravær, samt om helt eller delvis tap av studieretten, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL
- Klager i forbindelse med valg av representanter og ombud ved Høgskulen på Vestlandet
- Saker etter universitets- og høyskolelovens §§ 3-7 (8), 4-7 (1) og (2), 4-8 (1) -(3), 4-9 (5), 4-10 (3).
- Saker etter universitets- og høyskolelovens § 4-13 (2) og (4)
- Klagesaker i henhold til bestemmelsene om klage i "Forskrift for graden philosophiae doctor (Ph.d) ved Høgskulen på Vestlandet»

Samansetting

Universitets- og høgskulelova § 5-1 (2) gjev føringar for samansetting av nemnda:

«(2) En nemnd skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikke være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.

(3) Representanter for institusjonens eier eller medlem av institusjonens styre kan ikke være medlem av nemnda.»

Klagenemnda si samansetting i perioden 01.01.2022 – 31.08.2022:

| | |
|--|---|
| Tingrettsdommar Bjørg Kvelstad (leiar) Høgskulelektor Åshild Havnerås Førsteamanuensis Sven Olai Høyland Bjørn Olav Østeby (student) Christine Civetta Yokota Vigerust (student) | Vara: Tingrettsdommar Tone Raaen Vara: Professor Catharina R. Christophersen Vara: Høgskulelektor Alfred Limstrand Vara: Andreas Kimer Vara: ikkje valt |
|--|---|

Klagenemnda si samansetting i perioden 01.09.2022 – 31.12.2022:

| | |
|--|--|
| Tingrettsdommar Bjørg Kvelstad (leiar) Høgskulelektor Åshild Havnerås Førsteamanuensis Sven Olai Høyland Trym Jarle Sætherbø Vårdal (student) Tonje Thrane (student) | Vara: Tingrettsdommar Tone Raaen Vara: Professor Catharina R. Christophersen Vara: Høgskulelektor Alfred Limstrand Vara: ikkje valt Vara: ikkje valt |
|--|--|

Saker til handsaming

Klagenemnda har i 2022 handsama 90 saker:

| Sakstype | Tal på saker |
|-----------------|--------------|
| Klagesaker | 51 |
| Fusk | 26 |
| Politiattest | 4 |
| Skikkavurdering | 2 |
| Advokatsalær | 7 |
| Totalt | 90 |

Tabell 1 Saker handsama i klagenemnda i 2022.

Fordeling av sakstype og utfall på dei fire fakulteta¹:

| Fakultet | Klagar, medhald | Klagar, ikkje medhald | Fusk, eksamen annullert | Fusk, annullering, utestenging 1 semester | Fusk, Annullering utestenging 2 semester | Fusk, frikjent | Skikka-vurdering | Politiattest | Salær | Totalt |
|---------------|-----------------|-----------------------|-------------------------|---|--|----------------|------------------|--------------|----------|-----------|
| FIN | 1 | 14 | 1 | 1 | 5 | 0 | 1 | 0 | 0 | 23 |
| FHS | 1 | 14 | 1 | 0 | 4 | 0 | 0 | 3 | 1 | 24 |
| FLKI | 5 | 9 | 3 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 19 |
| FØS | 1 | 6 | 1 | 3 | 7 | 0 | 0 | 0 | 6 | 24 |
| Totalt | 8 | 43 | 6 | 4 | 16 | 0 | 2 | 4 | 7 | 90 |

Tabell 2 Sakstype og utfall fordelt på fakultet.

Fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på registrerte studentar²:

| Fakultet | Fordeling av saker | Fordeling av studentar |
|---------------|--------------------|------------------------|
| FIN | 25,6 % (23) | 18,8 % (3 160) |
| FHS | 26,7 % (24) | 30,3 % (5 085) |
| FLKI | 21,1 % (19) | 35,9 % (6 040) |
| FØS | 26,7 % (24) | 15,0 % (2 520) |
| Totalt | 100 % (90) | 100 % (16 805) |

Tabell 3 Fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på studentar ved kvart fakultet.

¹ FIN=Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, FHS=Fakultet for helse- og sosialvitskap, FLKI=Fakultet for lærarutdanning, kultur- og idrett, FØS=Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap.

² Kjelde: Database for statistikk om høgere utdanning.

KLAGESAKER

Klagenemnda har handsama 51 klagesaker. Av talet på klager er det ni saker som gjeld klage på vedtak om utestenging frå HVL. Desse blei alle vidare sendt til nasjonal klageinstans, Felles klagenemnd.

For dei andre 42 sakene følgjer det av uhl. § 5-1 (5) at klagenemnda sine vedtak er endelege og ikkje kan klagast på.

Talet på klagesaker ved høgskulen er mest truleg høgare enn sakene klagenemnda handsamar. Fakulteta eller fellesadministrasjonen skal etter forvaltningslova § 33 andre ledd handsame klagenes som førsteinstans. Om det opphavlege vedtaket blir stadfesta utan endring, skal saka sendast til klagenemnda. Høgskulen har ikkje tal på klager som ikkje vert handsama av klagenemnda.

Nokre klagar skal vurderast av andre organ. Til dømes skal klager som gjeld opptak til grunnstudium handsamast av nasjonal klagenemnd under Samordna opptak.

Klagesaker i 2022:

| Saksfelt | Tal saker 2022 | Medhald | Ikkje medhald |
|---------------------------|----------------|----------|---------------|
| Formelle feil ved eksamen | 12 | 1 | 11 |
| Formelle feil ved praksis | 7 | 3 | 4 |
| Tap av eksamensrett | 4 | 0 | 4 |
| Tilrettelegging | 6 | 2 | 4 |
| Godkjenning av emne | 4 | 1 | 3 |
| Opptak | 5 | 1 | 4 |
| Vedtak om utestenging | 9 | 0 | 9 |
| Anna | 4 | 0 | 4 |
| Tal klagesaker | 51 | 8 | 43 |

Tabell 4 Klagesaker i 2022.

Klage på formelle feil: eksamen

Klage på formelle feil vert vurdert etter uhl. § 5-2. Klagenemnda har handsama 12 klager på formelle feil ved avviking av eksamen.

Tema har vore feil i eksamensoppgåva, eksaminasjon på munnleg eksamen, informasjon under eksamen, feil i digitalt eksamenssystem og sensur av eksamen.

I éi av sakene fekk klagar medhald. Høgskulen hadde ikkje vore tydeleg med informasjon om frist for å be om grunngjeving av karakter på gruppeeksamen. Klagar fekk ny klagesensur.

Klage på formelle feil: praksis

Klagenemnda har handsama sju saker om formelle feil i praksis.

Tema har vore oppfølging i praksis, godkjenning av fråvær, tidspunkt og formkrav til varsel om ikkje bestått.

I tre saker fekk klagar medhald. I éi sak hadde ikkje klagar fått tilstrekkeleg rettleiing. I to saker hadde ikkje klagarane fått skriftleg varsel. Nemnda kom til at dei formelle feila hadde hatt betydning for sluttvurderinga

Praksis kan ikkje etterprøvast. Etter uhl. § 5-2 (2) er verknaden av medhald at studenten får att forsøket sitt.

Tap av eksamensrett

Studentar har rett til å ta eksamen når studenten er semesterregistert, og forkunnskapskrav og obligatoriske læringsaktivitetar er bestått.

Klagenemnda har handsama fire saker om tap av eksamensrett. Tema for sakene var manglande oppfylt obligatoriske læringsaktivitetar. Ingen fekk medhald.

Tilrettelegging

Studentar med funksjonsnedsetting har rett på eit tilrettelagt studieløp. Eit tiltak om tilrettelegging kan ikkje setje til side faglege krav i studiet, jf. uhl. § 3-9 (1).

Klagenemnda har handsama seks saker om tilrettelegging. Tema har vore digital deltaking i undervisning, opptak av forelesning, tidspunkt for gjennomføring av praksis, gjennomføring av praksis på bestemt stad og hjelpemiddel på eksamen.

Medhald vart gitt i to saker. I den eine saka fekk klagar rett til å følgje undervisning digitalt på grunn av graviditet. I den andre saka fekk klagar rett til å få eksamensoppgåva lest opp.

Godkjenning av emne

Studentar har etter uhl. § 3-5 e rett til å få beståtte emne ved andre utdanningsinstitusjonar godkjent som del av studenten sitt studium ved HVL. Emne skal godkjennast med same omfang som det beståtte emnet.

Klagenemnda har handsama fem saker om godkjenning. I éi av sakene oppheva klagenemnda vedtaket og sendte saka tilbake til ny vurdering. Resultatet blei at klagar fekk innvilga søknaden sin.

Opptak

Klagenemnda handsamar klager som gjeld lokale opptak og opptak på grunnlag av realkompetanse.

Klagenemnda har handsama 5 saker om opptak. Medhald vart gitt i éi sak. Nemnda si vurdering var at høgskulen hadde vurdert opptakskravet for strengt.

MISTANKE OM FUSK

Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker som gjeld mistanke om fusk, jf. universitets- og høgskulelova § 4-7 andre ledd.

For at klagenemnda kan gjere vedtak om annullering og utestenging, må studenten ha gjort ei handling skildra i forskrift om studium og eksamen ved HVL § 12-1 (1) bokstav a-h. Handlinga må vere gjort med forsett eller med grov aktløyse. For forsøk og medverknad til fusk er det krav om forsett.

Når vilkåra for fusk er oppfylt, kan klagenemnda etter uhl. § 4-8 (3) gjere vedtak om utestenging av studenten, med tap av retten til å ta eksamen ved andre utdanningsinstitusjonar, i inntil eitt år. I praksis blir studenten utestengt i to semester ved forsettleg fusk og eitt semester ved grov aktløyse. Vedtak om annullering og utestenging vert gjort uavhengig av om prøven eller eksamenen er vurdert til ikkje bestått.

Klagenemnda har i 2022 handsama 26 saker om fusk. I 20 saker var fuskehandlinga plagiat, fire saker om ulovleg samarbeid, éi sak om ulovleg hjelp frå eksterne og éi sak om ulovleg hjelpemiddel. I sakene om ulovleg samarbeid vert det oppretta individuelle saker per student. Fleire saker kan difor vere knytt til det same tilfelle av samarbeid. I 2022 handsama nemnda to tilfelle av ulovleg samarbeid. Tre av sakene om plagiat gjeld eitt tilfelle av plagiat på gruppeeksamen.

Fordeling av reaksjon er vist ovanfor i tabell 2.

Klage på vedtak om fusk

Klager på vedtak gjort av klagenemnda som førsteinstans skal etter forvaltningslova § 33 først vurderast av nemnda sjølv. Om vedtaket ikkje vert omgjort eller oppheva, vert saka sendt vidare til Felles klagenemnd (nasjonal klageinstans).

Klagenemnda har handsama åtte klager på vedtak om fusk. Alle sakene vart sendt til Felles klagenemnd. Felles klagenemnd stadfesta fire av vedtaka. To av vedtaka vart omgjort ved at perioden for utestenging vart redusert frå to til eitt semester. Årsaka til reduksjonen var at den totale sakshandsamingstida hadde vore for lang. Éi av sakene skal handsamast i 2023.

MERKNAD PÅ POLITIATTEST

Høgskulen kan etter uhl. § 4-9 (1) krevje framlegging av politiattest når studenten gjennom praksisstudium, eller studium med klinisk undervisning, vil kome i kontakt med sårbare grupper. Styret har delegert til klagenemnda å avgjere om studentar med merknad på politiattesten kan delta i praksis eller klinisk undervisning.

Vedtak om utestenging gjeld ikkje teoriemne. Studenten blir difor ikkje utestengt frå studieprogrammet. Utestenginga kan likevel medføre tap av studierett om utdanninga har krav til studieprogresjon, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL § 4-8 (2) bokstav b.

Klagenemnda har handsama fire saker om merknad på politiattest. I éi av sakene avgjorde nemnda at studenten ikkje kunne delta i praksis.

Gulating lagmannsrett har i 2022 handsama anke over dom frå Hordaland tingrett om frikjenning av Staten ved Kunnskapsdepartementet. Saka gjaldt overprøving av Felles klagenemnd sitt vedtak. Vedtaket stadfester HVL si avgjerd om utestenging av student frå praksis på grunn av merknad på politiattest. Lagmannsretten forkasta anken.

SKIKKAVURDERING

Studentar på studieprogram underlagt forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning § 1, er under løpande skikkavurdering heile studieløpet. Vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert skikka for yrket. Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker etter uhl. § 4-10 (3) om utestenging av student på grunn av manglande skikkaheit.

Om det oppstår tvil om ein student er skikka, vert det meldt tvil til institusjonsansvarleg for skikkavurderingar ved høgskulen. Om institusjonsansvarleg ikkje finn studenten skikka, vert saka fremma for skikkavurderingsnemnda ved høgskulen. Skikkavurderingsnemnda leverer ei innstilling til klagenemnda med nemnda si vurdering om studenten kan reknast som skikka. Etter forskrifta § 12 andre ledd skal klagenemnda avgjere om studenten er skikka, og eventuelt om studenten skal stengjast ute frå studieprogrammet. Tidsramma for utestenging er inntil fem år.

Klagenemnda har handsama to saker om skikkaheit. I begge sakene vart studenten erklært ikkje-skikka. Den eine saka vart klaga på til Felles klagenemnd. Felles klagenemnd reduserte utestengingsperioden frå to til eitt år.

ADVOKATSALÆR

Studentar har som hovudregel ikkje rett til å få dekkja sakskostnadane sine til advokat i klagesaker. Unntak kan vere i tilfelle studenten får medhald i klagen sin. Sakskostnadar kan då verte dekkja etter forvaltningslova § 36.

I saker der høgskulen reiser sak til klagenemnda om utestenging, har studenten etter universitets- og høgskulelova §§ 4-8, 4-9 og 4-10 rett til å få utgifter til advokatbistand dekt av høgskulen.

Samla utgifter til advokatsalær i 2022 var kr. 423 026.

Klagenemnda si saksutvikling i perioden 2017 - 2022



Figur 1 Utvikling i tal på saker handsama av klagenemnda frå 2017 til 2022 fordelt på saksfelt.

Talet på saker var nokså jamt i perioden 2017-2019. I 2017 handsama nemnda 71 saker, i 2018 80 saker og i 2019 74 saker. I 2020 var det ei markert auke i talet på saker. Årsaka til auken var ei dobling av saker om fusk. I 2021 var det igjen ei dobling i talet på fuskesaker samanlikna med 2020. Vi ser i 2022 at talet på fuskesaker har gått betydeleg ned. Dette har igjen ført til færre klager på vedtak om fusk. I motsetnad til tidlegare år er det i 2022 handsama saker om fastsetjing av advokatsalær.

Avsluttande merknader frå klagenemnda

Klagenemnda gir gjennom sine vedtak uttrykk for tolking av regelverk og praksis. I nokre saker gir nemnda fråsegn tilbake til fellesadministrasjonen og fakulteta. Nemnda registrerer at fråsegna vert tekne imot og at dette medverkar til endring av praksis.

Klagenemnda handsamar ei stor saksmengd med komplekse saker. Dette inneber at både sekretariat og nemnda sine medlemar bruker mykje tid og ressursar på nemndarbeidet. Sekretariatet har i 2022 bestått av tre sakshandsamarar. Desse har hatt ein del av si stilling knytt til sekretariatsfunksjonen.

Klagenemnda har merka seg at sakshandsamingstida hjå førsteinstansen i nokre tilfelle trekk ut i tid. Nemnda minner om at førsteinstansen etter forvaltningslova § 11 a første ledd skal førebu og avgjere saker utan ugrunna opphald.

I nokre saker har høgskulen sitt vedtak blitt oppheva og saka sendt tilbake til ny vurdering. Årsakene til dette er at sakene ikkje har vore tilstrekkeleg utgreia før det er gjort vedtak. Grunngevinga i vedtaket kan òg ha vore mangelfull. Nemnda viser til forvaltningslova § 17 om høgskulen si plikt til å klargjere dei faktiske omstenda vedtaket byggjer på. Nemnda viser òg til forvaltningslova §§ 24 og 25 om høgskulen si plikt til å grunngje vedtak. Det må gå klart fram av vedtaket kva vurderingar som er gjort og kvifor det er konkludert med eit bestemt resultat. Dette gjeld særleg når studenten får avslag.

Klagenemnda, 03. februar 2023

Bjørg Kvelstad (sign.)

leiar

Stian Nessestrand (sign.)

for sekretariatet